

Hilsen fra lederen

Jeg vil oppsummere 2013 i ett ord; utfordrende!

Det har vært utfordrende for Norges Bondelag, med valgkamp, ny regjering, ny landbruksminister fra FrP og en helt ny retning på landbrukspolitikken.



Det har vært utfordrende for Hordaland Bondelag. På årsmøtet i fjor ble mange nye valgt inn i styret. Dette er flinke folk med gode ideer for Hordalandslandbruket og vi fikk en god start på styretur til Krakow, med yoghurtutdeling i Bergen og politikertur til Nordhordland. Men så ble Terje syk og vi måtte konstituere styret på nytt. Lederskiftet midt i året og like foran en tøff valgkamp ble utfordrende for oss.

På tross av dette vil jeg si at vi har kommet godt ut av det. Da Terje ble syk tok styremedlemmene ansvar. Alle har vært med å dradd lasset i større grad enn det som er vanlig og det er jeg veldig takknemlig for.

Hordaland Bondelag har et sterkt nettverk av lokallag som jobber godt. Mange medlemmer deltok på Bondevennaksjoner i vår og mange delte ut brosjyrer i postkasser i forkant av valget.

Engasjerte lokallagsledere tar ansvar på lokalt plan. Et tydelig bevis på dette så vi i valgkampen, der seks lokallagsledere hadde leserinnlegg i forskjellige aviser samme uken. Jeg er stolt over å få være leder for så engasjerte bønder!

Men utfordringene er ikke over. Årets jordbruksoppgjør kan bli det mest spennende oppgjøret på lenge. Vi aner lite om hva vi står overfor og hva som venter oss, annet enn at det kommer endringer.

Vår oppgave blir å sørge for at endringene er kunnskapsbaserte og ikke får dramatiske, irreversible konsekvenser. Dette er en jobb vi må gjøre sammen. Vi må snakke med politikere på alle nivå, fra kommunenivå til Storting, og tilby dem kunnskap, opplevelser og referansepunkt på landbruk.

Jeg vil derfor oppfordre alle til å invitere politikere i alle partier og alle posisjoner til gårdsbesøk, bondepub eller å invitere seg selv på gruppemøter eller i kommunestyre. Kunnskap skaper holdninger og den mest effektive påvirkningen gjør vi nedenfra i partiene.

Sammen er vi sterke, så stå på videre!

Med vennlig hilsen Frøydis

Styret i Hordaland Bondelag 2013

Verv	Namn og adresse	Tlf/ mobil/e-post
Leiar:	Frøydis Haugen, Fonnebstovegen 15, 5955 Lindås	48 28 86 69 froed-ha@online.no
Nestleiar:	Frode Handeland, Dyngjevn 105, 5550 Sveio	41 21 50 83 ahandel2@online.no
Styremedlem:	Arild Nydegger Øvre-Eide, Øvre-Eide 36, 5105 Eidsvåg i Åsane	90 84 34 12 ovre-eid@online.no
Styremedlem:	Leif Arne Lirhus, Myrkdalsveien 733, 5713 Voss	90 88 48 49 larne-li@online.no
Styremedlem:	Kjetil Mehl, Landavegen 192, 5464 Dimmelsvik	98 06 41 63 kjmehl@online.no
Frå HBU:	Ragnhild Tennebekk Bjørke, Bjørkev. 121, 5700 Voss	97 79 68 33 ragnhild_tb@hotmail.com
Frå HBK:	Åse Kleppe, Kleppe S., 5282 Lonevåg	976 71 561 aseklepp@online.no
1. vara:	Bodhild Fjelltveit Hausdalsv. 379, 5229 Kalandseidet	90 98 59 32 bodhildfjelltveit@gmail.com
2. vara:	Kari Heggnes Kvammen, Toska, 5936 Manger	90 51 43 03 f-kvamme@online.no

Terje Larssen vart vald som leiar på årsmøtet i 2013, men grunna alvorleg sjukdom tok nestleiar Frøydis Haugen over vervet i sommar. Terje gjekk bort 2. desember.

Administrasjonen:

Post- og besøksadresse : Krokeidevegen 13, 5244 Fana
Telefon: 55 91 88 80

Elektronisk post: hordaland@bondelaget.no
Internett: www.bondelaget.no/hordaland

Twitter: @Hordalandbonde
Facebook: Hordaland Bondelag
Instagram: hordalandbondelag

Organisasjonssjef:	Lars Peter Taule	90 85 85 55 lars.peter.taule@bondelaget.no
Rådgjever:	Geir Totland	99 64 26 00 geir.totland@bondelaget.no
Rådgjever:	Maria Makloufi Skjold	55 91 88 80 maria.skjold@bondelaget.no

Fylkesstyret:



Nyvalt fylkesstyre etter årsmøtet. F.v.:Leif Arne Lirhus, Ragnhild Tennebekk Bjørke, Kjetil Mehl, Frøydis Haugen, Terje Larssen, Bodhild Fjellveit, Arild Nydegger Øvre-Eide og Frode Handeland. Kari Heggens Kvammen og Åse Kleppe er ikkje med på bildet.

Minneord

Fylkesleiar Terje Larssen døydde 2. desember etter å ha vore sjuk i eit knapt halvår. Han hadde akkurat byrja på jobben som fylkesleiar då sjukdommen kom, men det var ikkje fyrste tillitsvervet Terje hadde. Lista er lang, og vitnar om engasjement på eit breitt plan, frå lærarlag til parti, frå kommunestyre til bondelag.

Terje var Oslo-gut og stolt av det. Han var også stolt over å vere bonde på garden som kona Inger og han tok over etter hennar slekt. Terje gjekk mot straumen frå læraryrket og inn i landbruket. Utan gardsoppvekst og lite landbruksutdanning bygde han seg opp til ein dyktig fruktbonde, med profesjonell drift og stor fagleg kompetanse. Orden og tryggleik var viktig, på same måte som miljøet rundt betydde mykje. Å ta imot kulturlandskapspris på vegne av Ullensvang Hagebrukslag frå Dronning Sonja i 2005 var gjevt.

I Bondelaget representerte Terje grøntnæringa, mellom anna i Grøntutvalet frå 2011. Lang fartstid frå lokallaget fortel også om solid engasjement for organisasjonen. Med sin lærarbakgrunn var tilnærminga hans til saker ofte akademisk, men det måtte kome resultat når Terje skulle engasjere seg. Det engasjementet kunne me trengt no, med dei utfordringar som kjem i landbrukspolitikken.

Terje likte å reise, sjå noko nytt. I livet gjorde han også ei reise, inn i det å vere bonde. Me lyser fred over Terje Larssen sitt minne.



UTVAL OG REPRESENTASJON 2013-2014

Arbeidsutval	Leiar, nestleiar og organisasjonssjef
Verveutval	Frøydis Haugen, Leif Arne Lirhus, kontoret

Styret i Norges Bondelag	Nils T. Bjørke
Grøntutvalet i Norges Bondelag	Terje Larssen (fram til juli 2013)
Inn på Tunet-utvalet i Norges Bondelag	Reidar Konglevoll
Innovasjon Norge, Hordaland	Frøydis Haugen
Rådet for dyreetikk	Clara Hveem
Klima og energiansvarleg	Leif Arne Lirhus

Styret i HBK	Kjetil Mehl. Vara: Rannveig Hjelmeland
Styret i HBU	Arild N. Øvre-Eide. Vara Leif Arne Lirhus
Samarbeidsrådet for landbruk	Frøydis Haugen. Vara: Frode Handeland
Kontaktutval – Gjensidige	Frøydis Haugen og org.sjef
Stiftinga Hordaland Landbrukselskap	Frøydis Haugen
Referansegruppe KSL/Matmerk	Frøydis Haugen, kontoret
HV-distriktsråd:	Arild Nydegger Øvre-Eide. Vara: Kari Heggnes Kvammen
Matfestivalen	Frøydis Haugen, Arild N. Øvre-Eide
Vassregion Hordaland	Lars Peter Taule, Maria Makloufi Skjold
Grøntutval Vestlandet	Terje Larssen (fram til juli 2013)
Kulturlandskapsgruppa (Styringsgruppe Regionalt miljøprogram)	Frøydis Haugen, org.sjef. Vara: Frode Handeland
Råd, Arbeidstilsynet reg. Vest	Geir Totland
Vi satsar på mjølk i Hordaland	Leif Arne Lirhus
Hardangerkonferansen	Stein Olav Kolås
Vassområde (Vanndirektivet)	Frøydis Haugen, Bjørne Røthe, Bjarte Naterstad, Arild Nydegger Øvre-Eide, Vikøy og Øystese Bondelag
Ny giv i sauehaldet i Hordaland	Frode Handeland
RULL	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Agro Hordaland 2013	Geir Totland
Studieforbundet Næring og samfunn	Maria Makloufi Skjold
Landbrukets HMS-teneste, fylkesgruppa	Kjetil Mehl
Mogligheitsstudie på Hjeltnes	Knut Nes
Handlingsplan for Inn på Tunet, Hordaland	Maria Makloufi Skjold

Hordaland Bondelag sine utsendingar til:

Årsmøte i Hordaland Bygdekvinnelag	Kjetil Mehl, Rannveig Hjelmeland
Årsmøte i Hordaland Bygdeungdomslag	Leif Arne Lirhus. Vara: Arild N. Øvre-Eide
Årsmøte i 4H Hordaland	Arild Nydegger Øvre-Eide

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET, 2013 (redigert utdrag)

Årsmøtet vart halde på Scandic Bergen Airport på Kokstad 15. og 16. mars.

Fredag 15. mars:

Ordstyrar Jostein Hellestveit ynskte velkommen. Minneord om to sentrale personar for Hordaland Bondelag som er gått bort. Æresmedlem Knut Dugstad og tidlegare fylkesleiar Erling Steine. Årsmøtet sender ei blomehelsing til æresmedlem Anna Sylvia Haukås.

Namneopprop: Årsmøtet samla 44 utsendingar frå 30 lokallag og 13 gjester.

Årsmøtesak 1. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Godkjent

Årsmøtesak 2. Godkjenning av sakliste

Vedtak: Godkjent

Årsmøtesak 3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen

Vedtak: Hans Arne Breivik og Kari Heggnes Kvammen vart valt.

Resolusjonsnemnd

Årsmøtet vil at det skal sendast ein resolusjon til media frå årsmøtet.

Leif Arne Lirhus, Lars Mæle, Jon Henning Gjerde og Inga W. Rørlien vart valt.



Clara Hveem

Leiaren sin tale til årsmøtet, ved leiar Clara Hveem

Leiaren var innom desse punktane:

- Takk for innsatsen! Vi kan se tilbake på et spesielt år med påskeaksjon, mat- og landbruksmeldinga, brudd i jordbruksforhandlingene og aksjoner der vi ”eide” media i noen dager.
- Tollvern på noen varelinjer.
- Ledermøtet vårt på Island i fjor høst.
- En god jordbruksavtale kommer ikke av seg sjøl. Bondestanden må reise seg og trykke på! Vi i Hordaland må trykke på Norges Bondelag i tillegg.
- Rapporten ”Tydeligere distriktsprofil” har pekt på at det går an å forbedre, prioritere, justere, målrette.
- I 2013 er det Stortingsvalg. Resultatet er avgjørende for oss. Bondevenner.
- Matsikkerheten for den norske befolkningen henger i en tynn tråd, dvs en månedlig flytende båtlast med soyabønner fra Brasil.

- Hordaland fylkeskommune arbeider med en egen landbruksmelding for Hordaland der blant annet bondelaget deltar. Det nye næringsprogrammet for landbruket er viktig i dette arbeidet.
- Som bønder må vi tilegne oss ny kunnskap slik at vi har kompetanse til å få mest mulig igjen for innsatt kapital og arbeidsinnsats på garden.
- I 2013 og -14 skal vi ha ekstra fokus på brannforebygging og HMS i landbruket.

Ordskifte, tema som kom opp:

- Kan Hordaland Bondelag arrangere ein medlemstur til Island?
- Som oppfølging av distriktsgruppa sine analysar må det setjast i verk tiltak.
- Er bondelaget politisk nøytral? Viktig at vi har kontakt med alle parti.
- Vi må vere like tøffe i årets jordbruksforhandlingar som i fjor.
- Økonomiske midlar til landbruket over jordbruksoppgjæret må gå til dei som produserer mat.
- Må kunne stille krav til forvaltninga om at søknads/saksbehandling må gjerast enklare, dette vil frigje pengar.
- Interesse frå meinigmann er ikkje om bonden tener pengar, men om dei får mat.
- Bondelaget skal meine mykje om politikk og skal ikkje vere politisk nøytral, men partipolitisk nøytral.
- Kva meiner vi om soyaimporten og bruk av regnskogområde?
- Vi kan produsere mat i Noreg billigare på flatbygdene, men konsekvensen er attgroing og tap av store felleskapsverdiar.
- Må fjerne telledatoen.
- Tilskot for mjølkekyr må kanskje differensierast med størst tilskot til dei som produserer mindre enn f.eks. 7.000 liter. Gevinsten vil bli fleire kalvar og mindre bruk for importert proteinvare og fleire i arbeid.
- Må ikkje følgje opp kravet om utflating av AK-tilskotet



Hans Arne Breivik

Desse hadde ordet: Hans Arne Breivik, Arild Nydegger Øvre-Eide, Frøydis Haugen, Reidar Konglevoll, Øystein Huglen, Jon Henning Gjerde og Nils T. Bjørke.

Utanom årsmøtet:

Sunn skepsis til GMO, ved Katrine Kleveland, medlem i Nettverk for GMO-fri mat og fôr og leiar i Norges Bygdekvinnelag.



Kjersti Toppe, Magne Rommetveit, Astrid A. Byrknes, Nils T. Bjørke og Torill Eidsheim.

Debatt: Stortingsval 2013. Ein moglegheit for Vestlandsjordbruket

Innleiing ved Nils T. Bjørke, og panel med stortingskandidatane Kjersti Toppe, SP, Magne Rommetveit, AP, Astrid Aarhus Byrknes, Krf og Torill Eidsheim, H.

Årsmøtemiddag

Under bordsete fekk dei styremedlemene som har sagt frå seg attval ein god takk for innsatsen av Clara Hveem. Desse var: Turid Bjørndal Njåstad, Lillian Hovstad, Liv Spilde frå HBK og varamedlem Rannveig Hjelmeland.

Leiar Clara Hveem har sagt frå seg attval. Møteleiar Jostein Hellestvait takka Clara for innsatsen. Ho var først styremedlem i Hordaland Bondelag, og deretter leiar i fylkesstyret.

Årets lokallag i Hordaland gjekk i år til Sveio Bondelag. Laget fekk denne utmerkinga for godt arbeid over mange år, og med et stort engasjement i mange arbeidsområde.



Loddtrekking om bordkavalerar; Lillian Hovstad og Kjetil Mehl



Dei som "gjekk av": Lillian Hovstad, Turid B. Njåstad og Rannveig Hjelmeland med Tore H. Øye.

Laurdag 16. mars

Resolusjonsnemnda gjekk gjennom framlegget til resolusjon.

Jordbruksforhandlingane - strategi og tiltak

Nils T. Bjørke og Clara Hveem.

Aksjonsberedskap, ved Lars Peter Taule

Open Post

- Medlemsverving ved Turid B. Njåstad
- Kurs og kompetanse ved dagleg leiar i Landbrukstunet kompetanse, Tore Henrik Øye
- HMS-kampanje ved koordinator for HMS-kampanjen i Hordaland, Geir Totland
- Reidar Konglevoll – Gav skryt til heile organisasjonen Norges Bondelag. Men trekte spesielt fram avdeling Rekneskap og Juridisk service
- Ragnhild T. Bjørke, frå Hordaland Bygdeungdomslag – Takka for samarbeidet med Hordaland Bondelag og bar fram ei helsing frå styret i Hordaland Bygdeungdomslag.



Trond Olav Neteland, Bjørne Røthe og Terje Larssen

Årsmøtesak 4. Innkomne saker

Styret i Hordaland Bondelag tok opp Norges Bondelag sitt framlegg til nytt næringspolitisk program.

Innspel:

- Erfaringsmessig så må strengare praktisering av jordlova vike i praksis.
- Er konsesjonslova og odelslova rette medisinen for å få i gang omsetning av landbrukseigedommar?
- Næringspolitiske program, bare hovudsatsingane som er med, ikkje alle oppgåver.
- Vedtaket om at Norges Bondelag har eit mål om å vere CO₂-nøytralt vart gjort i 2010. Å være nøytral vil sei å binde like mykje som vert frigjort.



Nils T. Bjørke

Desse hadde ordet: Reidar Konglevoll, Nils T. Bjørke, Karen Elisabeth Rydland Sæbø. Det kom ingen endringsframlegg.

Årsmøtesak 5. Årsmelding. Vedtak: Årsmeldinga godkjent slik den føreligg

Årsmøtesak 6. Rekneskap

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent med eit underskot på kr. 6.439,-

Årsmøtesak 7. Budsjett. Vedtak: Budsjett vedteke med eit overskot på kr. 3.000,-

Årsmøtesak 8. Arbeidsplan for Hordaland Bondelag 2013 - 14

Det kom inn to framlegg til endring i framlagt arbeidsplan. Endring i punkt 3 under organisasjon og kommunikasjon vart tatt til fylgje.

Vedtak: Arbeidsplanen godkjent med tillegg

Årsmøtesak 9. Val

Valnemnda var samstemt i sitt framlegg til årsmøtet. Leiar i valnemnda, Bjarte Naterstad presenterte framlegget. Etter oppteljing var det 53 røysteføre årsmøtedelegatar.

Verv	Namn	Kommune	Krins	Status
Leiar	Terje Larssen	Ullensvang	Krins 3	Ny
Styremedlem, 2 år	Frøydis Haugen	Lindås	Krins 5	Ny
Styremedlem, 2 år	Frode Handeland	Sveio	Krins 1	Ny
1. vararepresentant	Kjetil Mehl	Kvinnherad	Krins 1	Ny
2. vararepresentant	Bodhild Fjelltveit	Bergen	Krins 2	Ny
3. vararepresentant	Kari Heggnes Kvammen	Radøy	Krins 5	Ny

Styremedlemer valde i 2012

Arild Nydegger Øvre-Eide Ikkje på val Krins 2

Leif Arne Lirhus Ikkje på val Krins 4

Nestleiar: Frøydis Haugen, ny 1 år Krins 5

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i 2013 og 2014:

Frøydis Haugen Ny 2 år Krins 5

Frode Handeland Ny 2 år Krins 1

Kjetil Mehl Ny 2 år Krins 1

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i 2012:

Rannveig Hjelmeland Ikkje på val Krins 1

Arild Nydegger Øvre-Eide Ikkje på val Krins 2

Leif Arne Lirhus Ikkje på val Krins 4

Varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i 2013:

1. Bodhild Fjelltveit Krins 2

2. Inga W. Rørlien Krins 4

3. Lars Mæle Krins 5

4. Stein Olav Kolås Krins 4



Ny: Kari H. Kvammen



Ny: Bodhild Fjelltveit

5. Eva Aga Baas Krins 3
6. Lars Peter Taule org.sjef

Ordførar: Jostein Hellestveit Attval 1 år
Varaordførar: Turid Bjørndal Njåstad Ny 1 år

Godtgjersle:

Daggodtgjersla vert sett til den same som til ei kvar tid gjeld i Norges Bondelag.

Møtegodtgjersle: 0-4 timar: 850 kr og over 4 timar: 1.700 kr

Godtgjersle for telefonmøte er 200,- kr pr påbegynt time.

Køyregodtgjersle: Staten sine satsar.

(kr. 4,05). Diett: Staten sine satsar

Det vert ikkje betalt diett for møte der det vert servert mat.

Overnatting: Avtal med fylkeskontoret.

Etter rekning.



Ny leiar Terje Larssen med Clara Hveem

Barnepass:

Dokumenterte utgifter til pass av barn

under 7 år vert dekkja med 150,- kr timen innanfor gjeldane sats for daggodtgjersle.

Valnemnd

Valnemnda konstituerer seg sjølv med leiar i første møte.

Valt år	Krins	Valnemndsmedlem	Varamedlem
Valt 2012	Krins 1	Bjarte Naterstad	Erik Willgohs
Valt 2013	Krins 2	Norolf Sæle	Jan Bjarte Fjell
Valt 2013	Krins 3	Sissel Opedal	Steinar Steine
Valt 2012	Krins 4	Johan Børsheim	Bjørne Røthe
Valt 2013	Krins 5	Oddvar Kleppe	Roar Angelskår

Resolusjon. "Sigbjørn Johnsen er gniten!"

- *sagt av stortingsrepresentant Magne Rommetveit på årsmøtet til Hordaland Bondelag*

Vedtak: Resolusjonen slik den ligg føre er vedteken og den skal sendast til media.

Avslutning

Varaordstyrar i årsmøte Inger-Marie Vika fekk ein god takk for innsatsen.

Kontoret til Hordaland Bondelag fekk ein takk for godt utført arbeid.

Tilslutt takka Clara Hveem for dei åra ho har hatt i Hordaland Bondelag og ynskte det nye styret lykke til. Nyvalt leiar Terje Larssen takka for tilliten.

LOKALLAG OG MEDLEMSARBEID

Lokallaga i Hordaland

Hordaland Bondelag har i dag 39 lokallag. Med unntak av Fedje, er det minst eitt lokallag i alle kommunar.

Aktive lokallag

Retningslinene for aktive lokallagsmidlar slår fast at laga som får tildelt midlar må ha aktivitet ut over ordinær drift. Opinionsbygging og møte med politikarar vert vektlagt. I år fekk alle lag som arrangerte Open Gard før valet 10 000 kr. Potten i 2013 var difor på kr 116 000,-. 14 lokallag søkte om midlar, og alle fekk ein sum målt etter aktivitet.

Årsmøte i lokallaga

I haust deltok tillitsvalde og tilsette i fylkeslaget på 19 lokallagsårsmøte. I tillegg fekk tre lokallag besøk frå leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke. Årsmøta er ei prioritert oppgåve for fylkeslaget, og målet er at laga skal få besøk minst annakvart år.



Styret i Fusa Bondelag under årsmøtet i haust

Regionmøta

Dei fire regionmøta vart haldne på Stord, i Bergen, i Alversund og i Granvin i januar, med deltaking frå 27 lokallag. Alle laga orienterte om lagsdrifta, og runden rundt bordet viste som vanleg god og variert aktivitet. Valnemnda var med på alle møta, og orienterte om arbeidet fram mot valet. Representantar frå fylkesstyret og administrasjonen deltok også. Mange saker vart tekne opp, mellom anna komande jordbruksforhandlingar, miljøplan, HMS, intranett for medlemer, stortingsvalet og politikarkontakt.

Lokallaga i Hordaland Bondelag

Reg	Lokallagnamn	Namn	Stad	Mobil	E-post	Medl. tal
1	Etne Bondelag	Vidar Sørheim	ETNE	90537451	Vidar80@webmail.no	226
1	Sveio Bondelag	Håvard Skarveland	SVEIO	97185083	lshkarv@online.no	108
1	Bømlo Bondelag	Eivind Nesse	BREMNES	45614621	eivind.n@haugnett.no	49
1	Stord Bondelag	Knut Vikane	STORD	95769069	knut@stordbilhjelp.no	50
1	Huglo Bondelag	Erik Willgohs	HUGLO	90145359	willgohs@hotmail.com	20
1	Fitjar Bondelag	Reidar Kloster	FITJAR	95097620	hsaervol@online.no	110
1	Varaldsøy Bondelag	Erling J. Skjelnes	VARALDSØY	90770037	terje.charles.aggvin@knett.no	21
1	Ornvikdalen Bondelag	Tore Eikeland	DIMMELSVIK	95118749	tore.eikeland@knett.no	153
1	Uskedalen Bondelag	Olav Hjetland Bringedal	USKEDALEN	41104745	olavhjetlandbringedal@gmail.com	59
1	Ølve/Hatlestrand Bondelag	Veronica K. Hellestveit	ØLVE	92411007	veronica.hellestveit@knett.no	43
1	Åkra Bondelag	Oddbjørn Sørheim	ÅKRA	90760349	oddbjorn.sorheim@knett.no	23
1	Clarsøy Bondelag	Clara A. Hveem	SÆBØVIK	95154599	clara@hveem.no	49
2	Bergen Bondelag	Bodhild Fjellveit	KALANDSEIDET	90985932	bodhildfjellveit@gmail.com	358
2	Tysnes Bondelag	Leif Magne Hovland	ONARHEIM	41212193	leif.magne.hovland@haugnett.no	42
2	Fusa Bondelag	Lars Inge Vik	STRANDVIK	918 57 854	lingevik@fusi.no	136
2	Samnanger Bondelag	Anne Frøland	TYSSE	91750242	torolf-f@online.no	18
2	Os Bondelag	Martin Lyssand	OS	97166960	martily@online.no	84
2	Austevoll Bondelag	Tore Hufthammer	STOREBØ	94132750	tore@hufthamar.no	15
2	Sotra og Øygarden B.	Hans Arne Breivik	RONG	95744560	hansarne.breivik@online.no	47
2	Askøy Bondelag	Arvid Nese	ASK	90037726	beate@nese.no	30
3	Jondal Bondelag	Hans Olav G. Flatabø	KYSSNESTRAND	97146104	hans-of@frisurf.no	31
3	Odda/Røldal Bondelag	Kåre Johannes Aase	ODDA	91330136	kjaase@gmail.com	89
3	Ullensvang Hagebrukslag	Marta Bjørgum Meland	HOVLAND	97668788	marta.meland@loffhus.no	214
3	Strandebarm-Tørvikbygd B.	Annhild Oma	OMASTRAND	99459694	oma.annhild@gmail.com	109
3	Vikøy og Øystese Bondelag	Steinar Steine	NORHEIMSUND	995 13 709	steinar.steine@kvamnet.no	228
4	Ulvik og Eidfjord Bondelag	Stein Olav Kolås	ULVIK	95700849	okolaa@online.no	80
4	Granvin Bondelag	Inga Winjum Rørlien	GRANVIN	97571612	ingawr@hotmail.com	55
4	Voss Bondelag	Ole Jørgen Rio	SKULESTADMO	41564305	ojrio@hotmail.com	286
4	Bulken - Evanger Bondelag	Bjørne Røthe	VOSS	91330063	bjor-roe@online.no	70
4	Vossestrand Bondelag	Trond Olav Neteland	VOSESTRAND	95702327	trond.olav@dcpo.no	107
4	Eksingedalen/Vaksdal B	Magnar Nese	EIDSLANDET	97588303	magnanes@online.no	56
4	Modalen Bondelag	Ann-Jorunn Farestveit	MODALEN	41645012	ann-jorunn-f@hotmail.com	22
5	Osterøy Bondelag	Tonje Yddal	LONEVÅG	46839068	tonje.kyddal@gmail.com	164
5	Meland Bondelag	Helge Henanger	FREKHAUG	91612255	hena@online.no	63
5	Manger Bondelag	Kari Heggnes Kvammen	MANGER	90514303	f-kvamme@online.no	130
5	Austrheim / Lindås B.	Jan Magne Keilegavlen	LINDÅS	90723827	keilegavlengard@gmail.com	107
5	Alversund og Seim B.	Reidar Konglevoll	SEIM	92848980	seimgard@online.no	105
5	Eikanger Bondelag	Gunnar Reidar Stusdal	VIKANES	97594109	gunnar.stusdal@gmail.com	59
5	Masfjorden Bondelag					18

Medlemstal

Hordaland Bondelag hadde 3 596 medlemmer 1. januar 2013 og 3 628 medlemmer 31. desember. Vi har dermed hatt medlemsauke, og har no høgaste medlemstal sidan 1997. Etter den store vervekampanjen i 2011 hadde vi 3 626 medlemmer, og den rekorden vart slått med to medlemmer i år! Takk til alle som står på for at vi skal ha eit godt lag for medlemmene.

Årets lokallag

Fylkeslaga i Norges Bondelag kårar kvart år "Årets lokallag", og vinnarane går vidare til den nasjonale konkurransen i Norges Bondelag. Styret i Hordaland kåra Sveio Bondelag til fylkesvinnar. Laget fekk ein pris på kr 10 000,-.

Bilete: Jan Holger Hamre og Frode Handeland frå Sveio Bondelag med diplom for Årets lokallag.



Leiarmøtet

Hordaland Bondelag inviterte Sogn og Fjordane Bondelag til leiarmøte på Hotel Ullensvang for fagleg utveksling og sosialt samkome. Dag ein av leiarmøtet var via til kommunikasjon og "korleis møte den nye regjeringa". Det kom fram mange gode råd og oppmodingar til å stå saman og spreie budskapet om kor viktig landbruk er.



Styret i Sogn og Fjordane Bondelag og styret i Hordaland Bondelag presenterar seg.

Kommentator Olav Kobbeltveit og generalsekretær i Norges Bondelag, Per Skorge, snakka om den nye kvardagen med ein blåblå regjering. Åse Vaag hadde eit entusiastisk innlegg for Fylkesmannen si landbruksavdeling, og Kommunikasjonssjef i Norges Bondelag, Lise Boeck Jakobsen, hadde innlegg om å kommunisere ut så folk forstår. Dagen vart vart avslutta med "Refleksjoner over livets sårbarhet" med forfattar Svein Olav Nordlien.

Dag to var via lokallagsarbeid, med mellom anna innlegget "Korleis motivere for lokallagsleirolla" ved styreleiar Frøydis Haugen. Ho ga gode råd om korleis ho motiverar seg sjølv og styret til å gjere ein god jobb for medlemene. Anita Sæter frå Sogn og Fjordane Bondelag hadde også innlegg om lokallag.

Humorist Finn Tokvam ga så eit skråblikk på livet som matprodusent med Erna til rors.

Årsmøte i Norges Bondelag

Årsmøtet i Norges Bondelag er eit godt høve til å fremje viktige saker for Vestlandsjordbruket. Årsmøteutsendingane veljast på fylkesårsmøtet etter kor høgt medlemstal fylkeslaget har. Alle fylke har taletid på møtet, og kan velje viktige tema dei vil leggje fram for forsamlinga. På årsmøtet i Loen 12.-14. juni deltok seks utsendingar frå Hordaland Bondelag i tillegg til leiar Terje Larssen og orgsjef Lars Peter Taule. I generaldebatten hadde Terje Larssen innlegg om kravet til auka effektivitet i landbruket, medan Arild Nydegger Øvre-Eide tok opp byråkrati og rammetbetingelser for landbruket.



Utsendingane bak f.v: Frode Handeland, Leif Arne Lirhus, leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, Arild Nydegger Øvre-Eide, Terje Larssen, Lars Peter Taule og Kjetil Mehl.

Framme f.v: Rannveig Hjelmeland, Ragnhild Tennebekk Bjørke (HBU) og Frøydis Haugen.

Æresmedlemer

Æresmedlemskap er ein heider til personar som har gjort spesielt godt arbeid for organisasjonen og medlemene. Kari Valland frå Kvam er æresmedlem i Hordaland.

Minneord

I haust gjekk æresmedlem Anna Sylvia Haukås frå Bergen bort. Ho var den første sekretæren i Hordaland Bondelag, og den som har vore med lengst. Ho vart tilsatt i 1946 og var med oss i 33 år! Bondelaget var særskild viktig for Anno, og ho møtte trufast opp på leiarmøte og årsmøte i mange år. Nittiårsdagen ville ho feire med kollegaene sine i Hordaland Bondelag, til glede for dei tilsette på Bondelagskontoret. Vi vil savne ho Anno.



KURS OG OPPLÆRING

Kurs for Unge Bønder

”Skattemessige og menneskelege forhold ved eierskifte” med forelesar Jan Bangen, vart arrangert i samband med Agro Hordaland. Rundt 50 deltakarar møtte til forelesninga med Bangen, og mange av dei vart med vidare på Agro Hordaland. Der fekk dei med seg både politisk debatt og fagkurs.



Jan Bangen foreleser på kurs for unge bønder

Vervekurs

I samband med Agro Hordaland arrangerte Hordaland Bondelag også kurs for verveansvarlege i lokallaget. Deltakarane fekk ein gjennomgang av ververutinar og tips og råd for korleis vervearbeidet kan organiserast. Etter kurset deltok dei på Agro Hordaland.

Skattekurs

Norges Bondelag arrangerar årleg skattekurs for rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med bondelaget. Programmet gir nyttig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege område. I samband med kurset arrangerar Norges Bondelag og Økonomiforbundet ein temadag. Temaet i Hordaland i år var odel, konsesjon og jordlov. Kurset var i Rosendal, og hadde deltakarar frå både Hordaland og Rogaland.

Ta Grep

Frode Handeland har frå styret i Hordaland Bondelag har deltatt i ”**Ta Grep**”; eit styre- og mentorprogram for tillitsvalde i landbruksorganisasjonar. Programmet legg opp til personleg og fagleg utvikling, nettverksbygging, auka kunnskap om styrearbeid og auka samfunnsforståing. Det er òg eit mål å rekruttere tillitsvalde til landbruksorganisasjonane.

Studiesamfunnet næring og samfunn

Lokallag som vil arrangere kurs kan ta kontakt med studieforbundet for å få tilskot til gjennomføring og gratis lån av offentlege lokale. Framgangsmåte ligg på nettstaden naeringogsamfunn.no.

Landbrukskurs.no

Landbrukskurs.no er ei nettside der alle arrangørar kan presentere sine kurs i Hordaland og Sogn og Fjordane. Landbrukskurs.no er eigd av fylkeskommunen sine embete i Hordaland og Sogn og Fjordane, og administrerast av Hordaland Bondelag. Nettsida finn de her: www.landbrukskurs.no. Landbrukskurs er òg på facebook.

POLITISK OG UTADRETTA ARBEID

Open Gard

Open Gard er eit årleg, landsomfattande arrangement, og i år var den nasjonale dagen 25. august. Arrangementet er ein arena for oppleving, kunnskapsformidling og kontakt med publikum, med barn og dei gode opplevingane i sentrum.

Denne sundagen i august var det Open Gard på Stord, Sveio, Radøy og Fusa. Aktivitetar som høyhopping, ridning, "traktorkøyring" og mjølkespannhalding gjorde dagen til eit høgdepunkt. Innimellom øktene var det tid til grillmat og anna servering.

Andre liknande arrangement er Etnemarknaden, Landbruksdag på Svortland og "Markens Grøde", som høvesvis Etne Bondelag, Bømlo Bondelag og Fusa Bondelag er med å arrangere. Stord Bondelag er engasjert i Skogdagen i Leirvik, og Os Bondelag gjorde ein stor innsats under "Bondens Dag". Fitjar Bondelag hadde dyreutstilling under Fitjarsfestivalen, medan Uskedalen Bondelag deltok på Aktivitetsdag for bygda. Modalen Bondelag medverka under Modalsdagane, og både Bergen Bondelag og bondelaga på Voss arrangerte Open Gard på Stend vgs og Voss jordbruksskule.



Hest og kjerre på Stord, gjeterhundoppvisning på Radøy og matboksutdeling i Bergen



Inn på Tunet (IPT)

Norges Bondelag har eit IPT-utval, der Hordaland er representert ved Reidar Konglevoll. Utvalet skal sikre IPT-produsentane sine interesser, og gje råd til styret i Norges Bondelag. Hordaland Bondelag held kontakten med Fagforum Inn på tunet Hordaland, og deltek på ulike møte med Inn på tunet som tema. Arild Nydegger Øvre-Eide er Hordaland Bondelag sin Inn på Tunet kontakt regionalt.

Hordaland Bondelag er også med i arbeidsgruppa for ny handlingsplan for Inn på Tunet i Hordaland. Planen legg vekt på at IPT-bøndene er sosiale entreprenørar. Landbruket må sjølvstendig ligge i botn, men det er viktig å få fram at IPT ikkje bare er ei tilleggsnæring for bøndene, men eit godt tilbod som kan vere med å løyse samfunnsproblem. Både kjøparsida og tilbydarsida har vore engasjert i arbeidet, som er koordinert av Fylkesmannen si Landbruksavdeling. Planen er no på høyring.

Landbruksministeren på tur i Hordaland

I juni besøkte dåverande Landbruks- og matminister Trygve Slagsvold Vedum Voss. Ministeren var invitert heim til leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke. Lokallagsleiarane i Hordaland Bondelag fekk nons med ministeren på Smalahovetunet. Her tok dei ein prat med Slagsvold Vedum før dei såg han i aksjon med smalahovesviing. Om kvelden var det ope møte på Park Hotel med tema "Norsk matproduksjon – eit verdival".

I august var ministeren i Fusa og Kvinnerad, med ope møte i Omvikdalen. Tema for dette møtet var "Matfylket Hordaland".

Politiske parti

Tillitsvalde og tilsette har vore med på ulike møte med partia. Organisasjonssjef Lars Peter Taule og leiar Frøydis Haugen deltok i eit Arbeiderparti-møte, medan Kjetil Mehl var med på haustsamling i Hordaland Senterparti.

Frøydis Haugen deltok også i ein debatt om landbrukspolitikk arrangert av Høyres Studenter Bergen.

Panelet var samansett av Frøydis, Ove Trellevik, landbrukspolitisk talsmann for Høgre og Rolf Brunstad, professor ved NHH. Debatten rørte ved mange problemstillingar innan landbrukspolitikk, og frå salen vart det stilt reflekterte spørsmål.



Trygve Slagsvold Vedum

Jordbruksforhandlingane

Lokale studieringar og samråingsmøte

Mange av lokallaga gjennomførte den årlege studieringen om landbrukspolitikk, og samla seg om viktige punkt til forhandlingane. 27 lokallag medverka til Hordaland Bondelag sin uttale ved å sende innspel til fylkeslaget.

På vegne av Samarbeidsrådet inviterte Hordaland Bondelag landbruksorganisasjonane til drøftingsmøte om forhandlingane. Organisasjonane sendte skriftlege innspel til bondelaget i etterkant av møtet. Innspel frå lokallag og organisasjonar danna grunnlag for diskusjonane og den endelege uttalen som fylkeslaget sendte til Norges Bondelag.

Nasjonal kampanje

Bondelaget arrangerte ein nasjonal "frukostkampanje" 10. april. Bønder over heile landet delte ut frukost og ein lapp med budskap om norsk matproduksjon til forbipasserande.

Hordaland Bondelag delte ut yoghurt på Festplassen i Bergen og utafør Bergen Rådhus. Bergensarar på veg til arbeid tok i mot både yoghurt og brosjyre med eit smil. Ordførar Trude Drevland fekk yoghurt og ein kort prat med Arild Nydegger Øvre-Eide og Frøydis Haugen.



Åse Kleppe (øvt) og Lars Peter Taule (under) i aksjon på Festplassen.



Arild Nydegger Øvre-Eide, ordførar Trude Drevland og Frøydis Haugen.

Resultat

Norges Bondelag signerte avtale med staten, og meinte ein viktig barriere vart broten når bøndene fekk ein sterkare inntektsvekst enn andre grupper. Leiar i Hordaland Bondelag, Terje Larssen, meinte oppgjeret var eit lite steg på vegen fram.

Inntektskildnaden til andre grupper vart i snitt redusert med 12 000 kroner per årsverk, og storfekjøtt og korn var ”vinnarar”. For bruka på Vestlandet med vanskelege driftstilhøve var ikkje årets oppgjer spesielt godt, sjølv om fruktneringa fekk ein liten opptur med to millionar i tilskot til fruktlager.

Internett og sosiale medier

Hordaland Bondelag har nettside under bondelaget.no. I 2013 fekk bondelaget.no ny layout. Vi publiserar gjerne stoff frå lokallaga, lesarinnlegg frå medlemmer og anna lokalt stoff. Send inn til fylkeskontoret. Vi har også eit meny punkt for tillitsvalde der vi legg ut relevant informasjon for lokallaga. Medlemene kan nytte ekstranett til eigne opplysningar, og leiarar i lokallaga kan òg finne medlemslister og endre verv under ”mitt lokallag”.

Hordaland Bondelag har ei facebookside som vert nytta til nyhende og nettverksbygging. Hordaland Bondelag er også på twitter; @Hordalandbonde og på Instagram; hordalandbondelag.



Facebooksida til Hordaland Bondelag



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland

Kompetanse for framtida!

Våre fagområde er grovfôr, kulturlandskap, frukt og bær, økonomi, næringsutvikling, byggråd og økologisk landbruk.

Kontakt oss: Mob. 982 45 838 • E-post: hordaland@lr.no
<http://hordaland.lr.no>

Matvalet – Stortingsvalet 2013

Både fylkeslaget og lokallaga engasjerte seg i førekant av valet. Bondelaget er partipolitisk nøytralt, men ikkje landbrukspolitisk nøytralt. Det var difor viktig å få fram kva for konsekvensar landbrukspolitikken i dei ulike partiprogramma kunne få.

Tillitsvalde på alle plan fekk lesarinnlegg på trykk. Tema i innlegga var ulike sider ved landbruket og landbrukspolitikken. Lokallaga delte ut brosjyrer om partia sin landbrukspolitikk, og mange hadde møte med sine lokalpolitikkarar. Eit døme er Bergen Bondelag, som arrangerte frukostmøte for stortingsrepresentantane Kjersti Toppe og Per Olaf Lundteigen, samt lokale bønder.

Os Bondelag arrangerte pressekonferanse om matvalet, og Fitjar Bondelag deltok på fleire politiske valkamp-arrangement. Det har også vore stort engasjement på sosiale medier.



Matvalmarkering med pressa og kyr i Os

Bondevener

Lokallaga vart oppfordra til å ta del i arbeide med å påverke politisk gjennom å delta i Bondeven kampanjen. Lokallaget heidra ”bondevener” i sitt område ved å gi dei ei t-skjorte, diplom og til dømes poteter eller blomer. Bondevenene er personar som engasjerar seg for landbruket og bøndene gjennom handlingar eller haldning.

Dei fleste lokallaga utnemnte Bondevener. Det var dyrlegar, kjøpmenn, politikkarar, ein bistandsarbeidar, kjøkkensjef, tilsette på landbrukskontor og mange fleire. Sjå eigen side med bilete av Bondevenene lenger bak i årsmeldinga.



Per Olaf Lundteigen og Arild N. Øvre-Eide under eit arrangement i Bergen Bondelag

Rundballekampanje og brosjyrer

Før valet ville Bondelaget få fram at det var klare politiske skilnader på korleis norsk landbruk skal sjå ut i framtida. Det vart markert med rundballar merka ”Matval” og utdeling av brosjyre med karakterar til partia i innspurten av valkampen. Her frå Fusa.



Studietur for politikarar

Hordalandspolitkarar frå Stortinget, regjeringsapparatet og ungdomspartia stilte opp då Hordaland Bondelag inviterte til tematur om matproduksjon og landbruk. Første stopp var Øvstegård i Hodnesdal der Roar og Anne-Grethe Angelskår driv med mjølk og kjøtproduksjon. Roar informerte om garden, produksjonen og syn på investering og framtida.

Neste stopp på turen var Seim gard der Marit og Reidar Konglevoll driv med sau og Inn på tunet. Reidar, som er leiar i Alversund og Seim Bondelag, har jobba mykje med jordvern og det vart også ein viktig del av diskusjonen.

Med på turen var Jette F. Christensen og Magne Rommetveit (Ap), Åsta Årøen og Terje Breivik (V), Silje Guleng (SV), Audun Syltevik frå Sosialistisk Ungdom, Ragnar Tyssebotten (Frp), Benjamin Anda, Tore Johann Reksten og Lene Aksnes frå KrFU, Toril Eidsheim (H) og Sigrid B. Handegard (Sp).



Reidar Konglevoll med politikarar på tunet



Toril Eidsheim frå Høgre

ARBEID I FYLKESLAGET

Styremøte

I 2013 hadde fylkesstyret 9 styremøte og 3 telefonmøte. Styret handsama 68 saker. Styremøta er som oftast på Landbrukstunet, men dei tillitsvalde har også hatt møte i Myrkdalen, med omvising i styremedlem Leif Arne Lirhus sitt flunkande nye lausdriftsfjøs.



Leif Arne Lirhus i fjøset

Arbeidsplan 2013 - 2014

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet, og byggjer på visjonen ”Vi får Norge til å gro”. **Heile arbeidsplanen finn du på bondelaget.no/hordaland**

Utdrag: Hordaland Bondelag skal arbeide for å ivareta landbruket og medlemmane i sine interesser på ein best mogeleg måte. Målet er å fremja eit bærekraftig landbruk som sikrar mat, miljø og levande bygder og med det ei bærekraftig samfunnsutvikling.

Viktige arbeidsområde i 2013:

Delta aktivt i utarbeiding av Landbruksmelding for Hordaland, delta aktivt i å utarbeide regional matstartegi og synleggjere dei ulike partia sine prioriteringar i høve til landbruk og matproduksjon.

- Arbeide for å betre økonomien og rekrutteringa til vestlandsjordbruket.
- Arbeide for å auka landbruksproduksjonen i Hordaland.
- Delta aktivt i regionale prosessar for landbruk og miljø.
- Følgje WTO-arbeidet. Samarbeide med andre organisasjonar.
- Arbeide imot norsk EU-medlemskap. Nei til EU er ein sentral samarbeidspartnar.
- Fokus på jordvern og arealforvaltning.
- Ha god kontakt mot det politiske miljøet.
- Fokus på Landbrukssamvirket.
- Bruke ekstern informasjon for å synleggjere verdiskapinga i landbruket, organisasjonen sitt arbeid og oppnådde resultat.
- Gje born og vaksne kunnskap om norsk landbruk, gjennom god kontakt og omdømmebygging.
- Arbeide for Rekruttering, Likestilling og Kompetanse ved ”Framtidbonden”.
- Forankre bygdenæringar og næringsutvikling i organisasjonen.
- Ha fokus på miljøplan og HMS i landbruket.
- Brannførebygging og HMS-arbeid skal få ekstra fokus i 2013/2014.
- Internasjonal kontakt.

Styreseminar i Krakow

I april hadde fylkesstyret seminar i Krakow, Polen. Målet med turen var at det nye styret skulle verte betre kjend, og få god tid til å planlegge arbeidet framover. Det vart også tid til sightseeing i jødekvarteret og i saltgruvene.

Tida vart også nytta til oppgåver som Frøydis Haugen hadde førebudd gjennom programmet ”Ta Grep”. Det kom fram mange gode målsetjingar og idear i løpet av turen.

Kontorfellesskapet på Landbrukstunet

Hordaland Bondelag har kontor ved Landbrukstunet i Fana, Bergen. Her har vi eit godt fellesskap med Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Norsk Landbruksrådgiving Veksthus, FanAgro og Tine.



På Rynek Glowny i Krakow

Agro Hordaland

Agro Hordaland er eit samarbeid mellom landbruksorganisasjonane, med Bondelaget, Tine, Nortura og Felleskjøpet Agri i arrangørgruppa. Arrangementet gjekk føre seg i Bergen og samla om lag 250 deltakarar frå heile fylket. Arrangementet skal vere ein møteplass og eit høgdepunkt for landbruket i Hordaland.

På programmet stod debatt om rekruttering, med innlegg frå politikarar, leiar i NBU, Gunn Jorunn Sørum, Christian Anton Smedshaug (Agri Analyse) og bonde Leif Arne Lirhus. Deltakarane fekk også med seg inspirasjonskåseri og produksjonsretta fagprogram. Fleire av organisasjonane hadde eigne arrangement i løpet av helga.

Samarbeidsrådet for landbruk Hordaland/Sogn og Fjordane

Leiar og organisasjonssjef representerar Hordaland Bondelag i Samarbeidsrådet. Even Øyri, Nortura, er leiar i rådet. Sentrale aktivitetar i 2013 var felles møte med stortingsrepresentantane frå dei to fylka, samrådsmøte mellom ulike landbruksorganisasjonar i førekant av jordbruksforhandlingane, samt rådsmøte.

Utsendingar frå faglag og næringsorganisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane møtte stortingspolitikarar frå fylka til informasjons- og meningsutveksling i februar. Målet med møtet er å sette landbruket og utfordringar på vestlandet i fokus.

Bergen Matfestival

Det vart omsetningsrekord då om lag 400 utstillarar av mat og øl frå vestlandsregionen samla seg til matfestival. Hordaland Bondelag stilte også i år med stand der stor og liten traktor utlånt av Felleskjøpet Agri, minigard med dyr og landbruksquiz var på plass. Dei tillitsvalde svarte på spørsmål og informerte om landbruk. Hordaland Bygdekvinnelag var også med på standen.

HMS-kampanje

Kampanjen er eit samarbeid mellom mange organisasjonar i landbruket, og skal redusere omfanget av skader, ulykker og yrkeslidningar i næringa. Målet er å gjennomføre arrangement som skal gi bonden betre oversikt over HMS-arbeidet, og større fokus på drift og helse.

Geir Totland frå Hordaland Bondelag står for koordineringa av kampanjen i Hordaland, og arrangerte mellom anna møte for sju organisasjonar der det vart lagt planar for aktiviteten framover. Eksempel på aktivitet er markdagar, temamøte og kurs.



HMS-kurs arrangert av Bergen Bondelag

I april arrangerte Bondelaget temadagen "Ei ulykke mindre", der både Tine, Felleskjøpet Agri, Norsk Landbruksrådgiving Hordaland, Stend vgs, Landbrukstenester Hordaland og Arbeidstilsynet stilte med engasjerte deltakarar. Mange av lokallaga har også arrangert HMS-kurs i samarbeid med Landbrukets HMS-tjeneste.

Støtte til bønder i andre land

Hordaland Bondelag støttar bønder i land der det kan vere vanskeleg å få lån i banken. Støtta gis gjennom mikrolån, og vert formidla av organisasjonen KIVA. På KIVA sin nettstad kan ein lese om kva for produksjon bøndene har og kva dei vil nytte lånet til.

Dei fleste treng pengar til gjødsel og frø, eller dei vil kjøpe ei mjølkeku, kalvar eller sauer. Det er ei lita investering i norsk målestokk, men for bøndene i KIVA-programmet er det snakk om å overleve, og kanskje gi borna utdanning. Tilbakebetalingprosenten er på 98.8. Når bøndene har betalt tilbake låna sine, kan ein låne ut pengane på nytt til nye bønder.

Norges Bondelag samarbeidar med Utviklingsfondet om eit landbruksprosjekt i Malawi, og Hordaland Bondelag ga ei gåve på 10 000 kroner i 2013. Prosjektet har fokus på betre metodar i lokal matproduksjon og betre livsvilkår for bondefamilien. Les meir på bondelaget.no. Gåver frå lokallag og private er velkomne.

UNGDOM OG REKRUTTERING

Rekrutteringsarbeid er ei høgt prioritert oppgåve for Hordaland Bondelag, og vi har gjennomført fleire tiltak i samarbeid med lokallaga og Landbrukstunet Kompetanse.

Skulebesøk

I februar hadde tiandeklasse på Radøy Ungdomsskule satt av tid til eit besøk frå Manger Bondelag og Landbrukstunet Kompetanse (LTK). Temaet var utdannings- og yrkesval, og elevane fekk konkret informasjon om mogelegheitene innafor landbruksnæringa. Kari Heggnes Kvammen frå Manger Bondelag og fylkesstyret deltok saman med Tore Henrik Øye frå LTK. Dei informerte om naturbruksskulane i fylket, aktuelle yrke, moegelege arbeidsgjevarar og ikkje minst kor meiningsfullt det er å jobbe med matproduksjon.

LKT bidrog også til eit skulebesøk på Knarvik Ungdomsskule, der Frøydis Haugen frå Austrheim/Lindås Bondelag og fylkesstyret informerte om livet som bonde. Niandeklassingane fekk ei livaktig innføring i form av eit opptak av kalving. Elevane fekk også prøve handmjølking frå plastikkjur, og lage smoothie ved hjelp av pedalkraft. Nrk var til stades og lagde reportasje til ein serie om rekruttering til landbruket.

Eksingedalen/Vaksdal Bondelag har fleire gonger invitert elevar og lærarar til kantine i skulen sitt matfriminutt. Kantina er eit positivt innslag, der lærarar og elever får servert mat av engasjerte bønder.



Eksingedalen Bondelag arrangerte kantine for skulebarna

I samband med faget ”Utdanningsval” besøkte Geir Totland Øystese Ungdomsskule, der han informerte om utdanningsval innan landbruk og naturbruk. Denne oppgåva vart tidlegare utført av Tore Henrik Øye frå LTK.

Trygg på jobb, med landbruk som eksempel

Dette er eit heildagstilbod for ungdomsskulen som lokale bondelag kan gjennomføre. Temadagen er ein skuleversjon av kurset Praktisk HMS-arbeid, og initiert av Norges Bondelag m.fl. Målet er å gje elevane kunnskap om trygt arbeidsliv og yrkesmogelegheiter i landbruket. Opplegget vart gjennomført på Strandebarm ungdomsskule.

Landbruksspelet

"Landbruksspelet - bonde for ein dag" er eit pedagogisk opplegg der elevane får høve til å drifte ein gard som sin eigen. Dei får sjå utfordringane drifta byr på gjennom året, og føremålet er å informere om norsk landbruk på ein morosam og motiverande måte. Spelet er lagt opp som gruppearbeid for 10. klasse, med læringsutbytte i fleire fag. Spelet vert formidla gjennom Studieforbundet næring og samfunn.

Felles framtid

Lars Peter Taule vitja også i år Laksevåg videregående skole for å snakke om matproduksjon lokalt og globalt. Temaet på dagen var "Felles framtid", og Hordaland Bondelag var invitert til å snakke om "Mat nok til alle?". Føremålet med dagen var mellom anna å inspirere elevane til å arbeide på tvers av landegrensar og å engasjere seg i utfordringar lokalt og globalt.

Praktisk opplæring

Fylkeslaget legg til rette for tiltak som involverer ungdom i praktisk gardarbeid. Målet er at ei slik utprøving skal stimulere interessa for landbruket i yrkessamanheng.

Bergen Katedralskole på gardsbesøk

For andre året på rad vitja over hundre elevar garden til mjølkebonde Lars Istad på Voss.

Besøket var del av ein studietur om geografi og samfunnsfag, med landbruk og matproduksjon som sentrale tema. Føremålet var å få innblikk i landbruket som næring og bonden sin kvardag. Elevane fekk omvisning i floren og føredrag på låven. Dei syntes det var interessant og lærerikt å sjå gardsdrifta og å komme tett på dyra. Landbrukstunet Kompetanse organiserte gjennomføringa.



Elevar frå Bergen Katedralskole hos Lars Istad

Vertsbønder er eit tilbod for ungdomsskuleelevar ved Førde skule (Sveio) og Granvin skule som ønskjer å prøve gardsarbeid i ”arbeidsveka”. Frode Handeland har vore vertsbonde i Sveio, og Inga Winjum Rørlien i Granvin. Det er løyvd RULL-midlar til opplegget.

Praksisvertar

I denne ordninga fekk fem elevar ved Stend vgs. praktisk opplæring på gard. Olav Botnevik og Martin Lyssand var vertsbønder, og tiltaket var eit samarbeid med Landbrukstunet Kompetanse og Stend vidaregåande skule.



Elevar frå Stend vgs

Utplasseringa er knytt til faga ”Naturbasert produksjon” og ”Produksjon og tenesteyting”.

Føremålet med ordninga er å gje elevane kunnskap og innsikt i ulikt gardsarbeid, leggje til rette for utprøving av yrket, og vonleg motivere til å velje ei landbruksretta utdanning. Felleskjøpet Agri stilte opp med skikkelege arbeidsklede til elevane.

Generasjonsskifte

Fleire av lokallaga arrangerar kurs om generasjonsskifte, i tillegg til Unge Bønder-kurset i regi av fylkeslaget. I ferbruar arrangerte Ølve/Hatlestrand Bondelag eit vellykka eigarskiftekurs med med Tveit Rekneskap AS som innleiar.



Deltakarar på eigarskiftekurs i Hatlestrand

REPRESENTASJON

Beiteutvalet

Beiteutvalet, med representasjon frå Sau og Geit, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Fylkesmannen si landbruksavdeling, vart etablert i 2010.

Utvalet skulle vere til hjelp for dei ulike beitelaga rundt i fylket, til dømes når det gjeld rapportering av statistikk og innhenting av kunnskap. Arbeidet i utvalet vart avslutta i 2013.



Foto Tor-Odd Skjold

Vi satsar på mjølk i Hordaland

Da har vore to møte i styringsgruppa for ”mjølkeprosjektet” i Hordaland i 2013. Styringsgruppa består av Svanhild Aksnes, FMLA (leiar), Ole-Andreas Smette, IN (nestleiar), Leif Arne Lirhus, NB, Åse-Marie Reisetser, NBS, Kjartan Nyhammer, TINE, Bjørn Ove Tuft, NORTURA, Bjarte Naterstad, NLR, Dag Arne Helle, Felleskjøpet Agri.

Prioriterte oppgåver har vore å stimulere til å opretthalde mjølkeproduksjonen i Hordaland og eventuelt auke den. Prosjektet går inn og hjelper og støttar dei som ynskjer å satse. Det har vore arrangert open fjøs, møte om byggeleing med meir.

RULL

RULL er ei forkorting for ”rekruttering, undervisning og likestilling i landbruket”. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for at fagfelta vert fylgt opp. Hordaland Bondelag er i ei styringsgruppe saman med Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Småbrukarlaget der vi gjev innstilling på korleis fylkeskommunen best kan forvalte midlane som årleg vert tildelt gjennom jordbruksavtalen. Dei siste åra har Hordaland fått om lag 1,2 mill. kr per år. Frøydis Haugen og Lars Peter Taule er representantar for Hordaland Bondelag.

Kulturlandskapsgruppa

God forvaltning av kulturlandskapet er eit viktig delmål i landbrukspolitikken. I Hordaland har vi ei breitt samansett gruppe som mellom anna utarbeidar regionalt miljøprogram, følgjer opp løyvingane i tilskotsordninga, diskuterer faglege utfordringar og deler ut den årlege kulturlandskapsprisen. Frøydis Haugen og Lars Peter Taule er med i gruppa.

Grøntutvalet Norges Bondelag

Grøntutvalet er eit rådgivande organ for styret i Norges Bondelag i saker om potet-, grønnsak-, frukt- og bærproduzentane sine interesser. Arbeidsområdet er produksjon på friland og i veksthus. Terje Larssen var med i grøntutvalet i fleire år.

Ny giv for sauehaldet i Hordaland

Tanken bak prosjektet er at Hordaland har gode utmarksbeiteressursar som gir god tilvekst på lamma, og der store rovdyr er fråverande. Hovudmålet er fleire lam til slakt.

Det nystarta prosjektet er i regi av Hordaland Sau og Geit og vert drive i samarbeid med Nortura, Fatland, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Landbruksrådgivinga Hordaland. Frode Handeland er Hordaland Bondelag sin representant i styringsgruppa.



Frode Handeland

Landbrukets HMS-tjeneste, fylkesgruppa

Landbrukets bedriftshelseteneste (LHMS) har som mål å redusere talet på ulykker og yrkeslidningar i landbruket. Fylkesgruppa i Hordaland består av regionansvarleg, HMS rådgjevar, representantar frå faglaga og bønder.

Tenesta si oppgåve er å ha fokus på HMS-arbeidet i fylket, og vere ein pådrivar for kurs i Praktisk HMS-arbeid. Kjetil Mehl er bondelaget sin representant i gruppa.



Kjetil Mehl

Studiesamfunnet næring og samfunn

Bygdefolkets Studieforbund (BSF) vart slått saman med Populus til Studiesamfunnet næring og samfunn. Regionleddet har eit styre, der Sissel Gerritsen frå Hordaland Bondelag vart valt til ny leiar etter Frank Mo. Sissel var tidlegare tilsatt i BSF. Maria Makloufi Skjold er vararepresentant.

Lokallag som vil arrangere kurs kan ta kontakt med forbundet for å få tilskot til gjennomføring. Framgangsmåte ligg på nettstaden naeringogsamfunn.no.

Vassdirektivet

EU har innført eit vassdirektiv som gjer at Noreg må lage forvaltningsplanar og tiltaksplanar for alt vatn. I vassregion Hordaland har vi 5 vassområde, og bondelaget har lokale representantar som deltar på møte og følgjer med i arbeidet:



Mo og Gerritsen

Representant i Vassområde Voss-Osterfjorden: Bjørne Røthe, Vassområde Vest: Arild Nydegger Øvre-Eide, Vassområde Nordhordland: Frøydis Haugen, Vassområde Sunnhordland: Bjarte Naterstad og Vassområde Hardanger: Vikøy og Øystese Bondelag.

Hordaland Bondelag ga innspel til høyringa "Vesentlige vannforvaltningsspørsmål" for Hordaland vassregion i desember. Neste høyring er på tiltak i dei ulike vassområda.

Andre møte og arrangement:

Årsmøte i Norsvin	Lillian Hovstad
Årsmøte i Bygdeungdomslaget 18.2	Arild Nydegger Øvre-Eide
Temakonferansen	Clara Hveem
Årsmøte i Hordaland Sau og Geit	Turid Bjørndal Njåstad
Landbruksplan for Hordaland Landbruksmelding Hordaland	Lars Peter Taule, Frøydis Haugen
Landskap i drift	Turid Bjørndal Njåstad
Årsmøte i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag	Clara Hveem
Jordvernkonferanse	Maria Makloufi Skjold
Årsmøte i Hanen Vestlandet	Geir Totland
Blågrønn Matstrategi	Lars Peter Taule
Kommunetur til Rogaland med FMLA	Lars Peter Taule
Jordbruksoppgjøret 2012 – en het potet. Studentersamfunnet	Lars Peter Taule
Politisk seminar (AgriAnalyse)	Frøydis Haugen
Klimaplan for Hordaland	Frøydis Haugen
Samrådsmøte med FMLA og IN	Lars Peter Taule, Frøydis Haugen
Næringskonferanse, HFK	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Samrådsmøte med Stend vgs.	Lars Peter Taule
Gåsemøte Øygarden	Geir Totland , Lars Peter Taule
Møte med Norsk Sjømatsenter	Frøydis Haugen
Møte om landbruket i Nordhordland	Frøydis Haugen
Møte om Bergen Matfestival	Geir Totland, Lars Peter Taule
Møte i HMS fylkesgruppa	Kjetil Mehl
Seminar om internasjonalisering av naturbruksutdanning	Lars Peter Taule, innlegg
Landbrukskonferansen 2013	Frøydis Haugen, Lars Peter Taule
Haustsamling for Fagforum IPT	Maria Makloufi Skjold
Tiltakskonferanse for Vannregion H	Maria Makloufi Skjold
Tiltakskonferanse for vassområde V-O	Bjørne Røthe
Hardangerkonferansen	Stein Olav Kolås
Informasjonsmøte om pels, Voss	Lars Peter Taule
Sluttkonferanse for Hordahjort	Lars Peter Taule
Opning av Norges største Felleskjøpet bybutikk	Heile fylkesstyret, Geir Totland, Lars Peter Taule

UTMERKINGAR

Kulturlandskapsprisen

Prisen på 50.000 kroner vart delt ut for 18. gong, til vinnarar som har gjort ein ekstra innsats for kulturlandskapet. Temaet i år var ny bruk av ledige landbruksbygg, og ekteparet Johan Børshheim og Toril Lunde Børshheim fekk prisen for arbeidet med å gjere om ein husmannsplass til ny næring knytt til reiseliv, selskap, servering og kulturformidling.

På Kvemmadokkje tek dei imot gjester på overnatting, matsservering og historieforteljning. Dei skipar også til større konsertar og framsyningar.



Ekteparet Børshheim med Fylkesmann Sponheim

Fylkesmannen i Hordaland står bak prisen, med mellom anna Hordaland Bondelag i juryen. Fylkesleiar Frøydis Haugen gratulerte prisvinnarane og overrekte boka "Stolte øyeblikk i landbruket".

Bygdeutviklingsprisen

Hordaland Bondelag er med i juryen for Bygdeutviklingsprisen. I år gjekk den til Jørn og Ruth Hafslund som driv gardsbruk ved Fanafjorden i Bergen. Frå garden produserer dei mellom anna ost og yoghurt som vert marknadsført under merkenamnet «Ostegården». Prisen er på 50 000 kr, og blir delt ut i regi av Innvasjon Norge.



Ruth og Jørn Hafslund

Anton Mindes Ærespris

Mottakarar av Æresprisen for framifrå gardsdrift må ha eit godt dyrehald med velstelt og godt vedlikeholdt areal. Bruket må vere eit mønsterbruk med god økonomisk avkastning. I år gjekk prisen til ein sær seldreve samdrift på Åse i Kvam. Prisen vart tatt i mot av John Olav Måge og Lars Tveitnes under Agro Hordaland. Hordaland Landbruksselskap står for utdelinga.

Agro Hordalands ærespris

Under Agro Hordaland fekk Haldis og Gaute Øvstedal frå Eksingedalen utdelt Agro Hordalands heiderspris. Juryen hadde denne gongen lagt vekt på at vinnarane er eit godt førebilete for nye og kommande bønder. Etter at Haldis og Gaute kjøpte garden, har dei modernisert og bygd ut litt etter litt, til det som i dag i aller høgste grad framstår som eit framtidretta og levedyktig bruk. Dette viser at det går an å satse i ein eksisterande bås fjøs med gjennomtenkte og lure utbyggingar.

SAMARBEIDSORGANISASJONAR

Hordaland Bygdeungdomslag

I året som har gått har Hordaland Bygdeungdomslag (HoBU) jobba med å få opp to nye lokallag i fylket; Sveio og Fløien (studentlag i Bergen). Dette er framleis under utarbeiding, men i laupet av 2014 vil HoBU bestå av lokallaga Voss, Kvam, Sveio, Søre Sveio og Fløien.

Elles har me engasjert oss i Stortingsvalet i haust, og i etterkant av dette jobba tett med Norges Bygdeungdomslag i forhold til nedbygginga av matjord i Noreg. Me har delteke på Landsstemne i Nord-Trøndelag, Haustarrangement i Oppland, og me har arrangert haustkurs for styremedlemma i lokallaga våre.

Leiar i Hordaland Bygdeungdomslag,
Maria Hjelle



Styret i Hordaland Bygdeungdomslag 2013

Hordaland Bygdekvinnelag

Fylkesårsmøtet vart skipa 15.-17. mars 2013 av Øystese Bygdekvinnelag på Hardangerfjord Hotel. Etter 5 år som fylkesleiar gav Liv Spilde frå Bjørgum Bygdekvinnelag "stafettspinnen" vidare til Margunn Hauso frå Ulvik Bygdekvinnelag.

Gjennom året har Hordaland Bygdekvinnelag hatt 7 styremøte og handsama 81 saker. Av desse vart eit styremøte halde på "Skulehuset" på Finse då styret hadde styreseminar for å bli betre kjende 30-31. august 2013. Eit styremøte vart avvikla i samband med Inspirasjonsseminaret til NBK på Lillehammer. Hordaland Bygdekvinnelag takkar for Hordaland Bondelag sitt bidrag til finansiering av deltakinga på seminaret!

Det er ved slutten av året 33 lag med totalt 829 medlemmer i Hordaland Bygdekvinnelag. To av lokallaga, Strandebarm Bondekvinnelag og Vikøy Aksnes Bygdekvinnelag har dette året fatta første årsmøtevedtak om nedlegging.

Stemmerettsjubileet

Stemmerettsjubileet vart markert, blant anna med føredrag av Grethe Brundtland på fylkesårsmøtet.

Vervestand

på Bergen Matfest

HBK sto på **vervestand** saman med Hordaland Bondelag i september. Målet var å gjera kjent kva bygdekvinne står for, også med sikte på å verva nye medlemmer, noko me og gjorde!

Regionmøte/

Bygdekvinnestreif

I februar vart det skipa regionmøte på Trikotasjefabrikken i Salhus. Her fekk me eit historisk innblikk til verksemda, i tillegg til mat, sosialt samvær og erfaringsutveksling. Seinare på året fekk det tradisjonelle regionmøtet nytt namn; **Bygdekvinnestreif**. Første Bygdekvinnestreif hadde eit variert program, og vart halde på Hardanger Folkemuseum i november med omlag 60 deltakarar.

Verveaktivitet

Hordaland Bygdekvinnelag støtta opp om "Postkortaksjonen" i Norges Bygdekvinnelag, der målet var å tipse om potensielt nye medlemmer. Totalt vart det **94 nye medlemmer** i Hordaland i 2013!

Hordaland Bygdekvinnelag takkar Hordaland Bondelag for støtte og godt samarbeid i 2013!



B.f.v: Berly Mjøs Giljarhus, Liv Solfrid Lono, Helena Bru, Else M. Helleland. Framme f.v: Åse Kleppe, Margunn Hauso, Eli Totland. Asa Gunnarsdottir og Kjetil Mehl er ikkje med på biletet.

Landbrukstunet Kompetanse

Landbrukstunet Kompetanse (LTK) vart skipa i juni 2011 i regi av Hordaland Bondelag. Føretaket vart registrert som foreining, med egne vedtekter for drifta.

Tore Henrik Øye har vore tilsett som dagleg leiar. Øye slutta i stillingen i sommar, og Landbrukstunet Kompetanse vart lagt ned. Ein del av oppgåvane er tatt inn i Hordaland Bondelag sin daglege drift.



Tore Henrik Øye har slutta i LTK

HØYRINGAR OG UTTALAR (UTDRAG)

Hordaland Bondelag gir uttale i mange saker om arealbruk, ressursforvaltning og landbrukspolitikk, ofte i samarbeid med lokallaga.

Høyringar til Norges Bondelag:

- Nytt næringspolitisk program
- Revisjon av Hold- og velferdsforskriften for produksjonsdyr
- Endring i odelskretsen og deling av eigeidom
- Jordbruksforhandlingane
- Forskrift om tilskudd til drenering
- Kravet om mosjon for storfe i løsdriftsfjøs
- Innspel til Plan og bygningslova om lausmasseplassing

Høyringar til andre:

- Innspel til kommuneplanen på Austevoll
- Konsekvensutredning for Bybanen på strekningen Bergen sentrum – Åsane
- Ferjeleie på Kvednaneset, Stord
- Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden
- Offentlig regulering av Fonnebost småbåthavn
- Plansak Arna gnr 294 Bnr 2, Langedalen Boligområde
- Detaljregulering for Ådland, Ytrebygda, Bergen kommune
- Vesentlege vannforvaltningsspørsmål for Hordaland vannregion
- Regional plan for lokalisering av godshavn i Bergensområdet
- Regionalt miljøprogram for jordbruket i Hordaland 2013 - 2016
- Regionalt næringsprogram for landbruket i Hordaland 2013 – 2017

Økonomiske og juridiske tenester

Norges Bondelag samarbeider med både rekneskapskontor og advokatkontor. Gjennom dette samarbeidet får medlemmer i bondelaget tilgang til kvalitetssikra tenester som rekneskapsføring, økonomisk- og juridisk rådgjeving.

Advokatkontora

I Hordaland er det tre advokatkontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei har spesiell kompetanse på landbruks-, eigeidoms- og skatterett i tillegg til vanlege juridiske spørsmål. Avtala omfattar ikkje rabatt på honorar.

Advokatfirmaet Judicium	55 21 01 50	Bergen
Advokatfirma Kvåle ANS	56 55 12 77	Norheimsund
Advokatfirmaet Harris	55 30 27 00	Bergen og Norheimsund

Medlemmer kan også kontakte Rekneskap og Juridisk avdeling i Norges Bondelag for å diskutere økonomiske eller juridiske problemstillingar.

ADVOKATFIRMA
KVÅLE ANS
M.N.A.
Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund
Tlf. 56 55 12 77-Faks 56 55 19 63
E-post: post@advokatkvale.no - www.advokatkvale.no

ADVOKATFIRMAET
JUDICIUM DA

Jordskifterett – Odelsrett – Konesjon – Boplikt – Arverett – Familierett

Telefon 55 21 01 50 Telefaks 55 21 01 99
Postboks 764 Sentrum, 5807 Bergen
Besøksadresse: Strandgaten 1

Advokat Ivar Winjum
E-post: winjum@judicium.no

www.judicium.no

ADVOKATFIRMAET

HARRIS

www.harris.no

Telefon: 55 30 27 00

Rekneskapskontora

I Hordaland er det 13 rekneskapskontor som har samarbeidsavtale med Norges Bondelag. Dei får mellom anna fagleg oppdatering gjennom årlege kurs.

Økonor Nordhordland	ISDALSTØ	56 35 55 80
Bjørn Inge Sætre ANS	UGGDAL	53 43 20 36
Fana Sparebank Regnskap AS	BERGEN	55 91 98 00
Fusa Rekneskapskontor AS	FUSA	56 58 00 80
Halsnøy Rekneskapskontor AS	SÆBØVIK	53 47 41 00
Hardanger Økonomiservice AS	EIDFJORD	53 66 44 00
J. Bleie aut. regnskapsfører	NÅ	53 64 30 17
Real Økonomi AS	ISDALSTØ	56 35 19 75
Kontor- & Økonomiservice	LONEVÅG	56 39 04 90
Ullensvang Rekneskap ANS	LOFTHUS	53 66 11 28
Reisæter Rekneskap	UTNE	97 52 59 29
Vekstra Hardanger og Voss AS	ØYSTESE	56 55 34 40
Vossestrand Rekneskapskontor BA	VOSSESTRAND	56 53 00 40
Tveit Regnskap	HORDALAND/ROGALAND	52 76 71 00

Gjensidige

Gjensidige er ein sentral samarbeidspartnar for bondelaget. Vi har nær kontakt med assurandørane på landbruk, og har årleg møte om felles arbeidsplan. Gjensidige deltar på mange av dei store arrangementa til Hordaland Bondelag, som leiarmøte og årsmøte. Alle lokallag har ståande invitasjon om å ta kontakt vedrørende faglege spørsmål og deltaking på lokalt møte eller arrangement.

Norges Bondelag forhandlar frem rabattar på vegne av medlemene. Les meir på www.gjensidige.no under landbruk og organisasjonsmedlem.



GJENSIDIGE

Landkreditt Bank

Norges Bondelag og Landkreditt Bank har ei samarbeidsavtale som gir bondelagsmedlemer gode fordelar. Vekstkonto er ein sparekonto som bare medlemene i Norges Bondelag og Landkreditt kan få. Kontoen har til ein kvar tid bankens beste innskotsrente og vil vere eit av marknadens beste sparetilbod.

Banken tilbyr også gebyrfri nettbank og bankkort, nye lån utan gebyr, leasing, fondsparing og pensjon. Les meir på www.landkredittbank.no/nb.



Gårdskreditt

– rask og enkel tilgang til kapital

Gårdskreditt er et fleksilån for landbruket som gir deg større økonomisk frihet.

Innenfor den avtalte lånerammen styrer du selv hva du bruker pengene på, og hvor mye som skal nedbetales. Renter beregnes kun på det beløpet som du til enhver tid har benyttet.

Søk om gårdskreditt hos oss!

Vi hjelper deg med lån og finansiell rådgivning.

Landkredittbank.no/landbruk | 815 52 245  Landkreditt Bank

REKNESEKAP

Rekneskapen for Hordaland Bondelag er ført i Norges Bondelag og er revidert saman med hovudrekneskapen til Norges Bondelag.

Rekneskapssamandrag Hordaland Bondelag 2013

Inntekter	1 536 363
Godtgjersle tillitsvalgte	519 650
Andre kostnader	972 740
<u>Sum kostnader</u>	<u>1 492 390</u>
<u>Driftsresultat</u>	<u>43 974</u>
Renteinntekter	49 987
<u>Resultat</u>	<u>93 961</u>

Hordaland Bondelag sin egenkapital pr 1/1 2013 **1 168 732,43**

Om plassering av egenkapital, utført av Norges Bondelag: *Total avkastning på kapitalen ble på hele 4,8 %. Kapitalen er plassert med 10 millioner i Landkreditt Extra, mens resterende er plassert på vekstkonto i Landkreditt. Totalavkastning ble på 1.031.259 – og er som tidligere fordelt etter fylkenes egenkapital pr 01.01.2013.*

Hovudtal frå rekneskapen for Hordaland Bondelag 2013 fordelt på avdelingar.

Avdeling	Budsjett 2013			Rekneskap 2013		
	Inntekt	Kostnad	Saldo	Inntekter	Kostnader	Saldo
Generelt	660 000	150 000	510 000	749 849	85 593	664 256
Rente/gebyr	30 000		30 000	49 987		49 987
Fylkesleder	279 000	279 000	0	279 000	276 079	2 921
Fylkesstyret		355 000	-355 000	37 000	337 063	-300 063
Årsmøte HB	110 000	230 000	-120 000	99 667	261 857	-162 190
Leiarmøte HB	50 000	120 000	-70 000	60 765	142 836	-82 071
Regionmøte HB		25 000	-25 000		24 984	-24 984
Opplæring/kurs	91 000	90 000	1 000	91 000	127 474	-36 474
Unge Bønderkurs		30 000	-30 000	67 700	112 171	-44 471
Open gard/aktive lokallag	162000	100 000	62 000	151 382	124 333	27 049
Resultat	1 382 000	1 379 000	3 000	1 586 350	1 492 381	93 961

TOTALLEVERANDØREN DU KAN STOLE PÅ



- Felleskjøpet Agri er den eneste totalleverandøren av driftsmidler til landbruket.
- Vi har produkter og tjenester som gir de beste resultater.
- Felleskjøpet er landsdekkende og tilstede der du er.
- Vi har 1500 ansatte som hver dag gjør sitt ytterste for å betjene deg faglig på best mulig måte.

Tlf.: 03520

www.felleskjopet.no



Levende optatt av det



Fitjar



Manger



Modalen



Northordland



Strandebarm og Tørvikbygd



Sveio



Vikøy og Øystese B i New York



Etne



Uskedalen